

Velkomne til
HELGESAMLING PÅ VOSS!
Slåttar av og etter Lars Skjervheim

27.febr - 1.mars 2015

Stad: Ole Bull Akademiet, Voss

I samband med Skjervheimåret 2015, som skal markere at det er 100 år sidan spelemannen Lars Skjervheim vart fødd, skipar Voss Spelemannslag til helgesamling på Voss, der slåttar for hardingfele av og etter Lars vert fokus. Dette er eit kurs som er mynta på unge vaksne/vaksne, som er på eit vidarekome nivå. Kurset byrjar fredag kl. 19:00 og sluttar søndag kl. 13:00. Timeplan vert sendt ut til dei påmeldte to veker før kursstart.

Instruktørar:

Leif Rygg, Håkon Høgemo, Einar Mjølunes, Sigmund Eikås

Påmelding:

For info om påmelding, overnatting og generelle spørsmål om kurset, kontakt Tore Bidne på tlf: 908 81 887.

Påmelding og tinging av overnatting sendast til: tore@opheimgrave.no

Påmeldingsfrist: **6.februar 2015**

Prisar:

- Kursavgift: **kr 500,-**

- For dei som ynskjer å vera med på felles lunsj og middag laurdag og søndag, må dette tingast på førehand. Prisen for mat er **kr 420,-**. Dette inkluderer 2 varme lunsjar og 1 middag.

Overnatting Ole Bull Akademiet:

- kr 790,- for enkeltrom*

- kr 590,- for dobbeltrom*

- kr 450,- for 3-sengsrom*

*Alle prisar er per person, per døgn, inklusiv frukost.

Spelemann og komponist Lars Skjervheim (1915-2003)



Gjennom heile 2015 ynskjer initiativtakar Voss Spelemannslag å markere at det er 100 år sidan spelemannen Lars Skjervheim vart fødd. Han vaks opp i Myrkdalen på Vossestrand, og tok alt som smågut til å spela hardingfele. Læremeistrane til Lars vart fyrst og fremst brørne Sigurd og Nils Borge, dei hadde sin tradisjon direkte frå storspelemannen Sjur Helgeland (1858-1924). Lars Skjervheim søkte og utveksling med andre spelemenn som til dømes Gjermund Haugen, Signe Flatin frå Telemark. Lokalt vart det samver med Sigbjørn B Osa, Sigurd Kvåle, Torleiv Gjernes, Anders Kjerland m.fl. Han vart etter kvart ein av dei mest profilerte spelemenn på Vestlandet. For sitt arbeid med norsk folkemusikk vart Lars Skjervheim heidra med Kongens Fortjenestemedalje i gull. Han var også æresmedlem i Voss Spelemannslag og Sogn Spelemannslag, og ikkje minst var han ein stor inspirator for unge spelemenn- og kvinner, og andre, som var og er glade i folkemusikken.